



ØRSTA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Ørsta kontrollutval
Møtestad: Møterom «Hjørundfjord», Ørsta rådhus
Dato: 26.06.2017
Møtet starta Kl. 08.40
Møtet slutta Kl. 14.00

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Svein Castberg	Leiar
Stina Aasen Lødemel	Medlem
Peder Slenes	Medlem
Anne Stine Foldal Aam	Nestleiar Kom kl.08.55

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Kari Janne Myklebust	Medlem

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
Sylvi Gulla Hovdenakk	Kari Janne Myklebust

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Sigrid Aashild Torbjørnson	Konsulent

Fram til kl.12.10 i sak 38/17.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
------	----------

Frå kommuneadministrasjonen:

Namn	Stilling	
Rolf Magnus Sundgot	Seksjonsleiar tekniske tenester	I sak 32/17
Kåre Hjelle	Einingsleiar bygg og oppmåling	I sak 32/17
Gunnar Wangen	Leiar plan og miljø	I sak 32/17
Tone Foldal Hoggen	Fagleg leiar PPT	I sak 38/17
Reidunn Tvergrov Øye	Plasstillitsvald PPT Utdanningsforbundet	I sak 38/17
Wenche Solheim	Rådmann	I sak 38/17
Kirsti Øye Driveklepp	Seksjonsleiar skule	I sak 38/17
Idun Lee Hofset	Personalleiar personalstab	I sak 38/17
Hild Vaage	Hovudtillitsvald Fagforbundet	I sak 38/17
Sindre Sandbakk	Lokallagsleiar Utdanningsforbundet	I sak 38/17

Sak nr	Tittel	Arkivkode	
26/17	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll.	033	
27/17	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	049	
28/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	033&58	
29/17	Tilbakemelding jf 22/17 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2016	216	
30/17	Tertialrapport April 2017	212	
31/17	Oppfølging ØR40/16 Forvaltningsrevisjonsrapport Barnevern Tiltak – Tilsyn - Rutiner	217	
32/17	Fortetting vs reguleringsplan - byggesaker	047	
33/17	Meldingar	033&17	
34/17	Offentlegheit i kommunal sektor	033	
35/27	Byggerekneskap Bustader unge med miljøtenester	216	
36/17	Byggerekneskap Vartdal skule	216	
37/17	Oppfølging ØR 14/17 Endring rollefordeling forlikrådet	047	
38/17	PPT – prosess	040	
39/17	Saker som kom til		

**SAK 26/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLL.**

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vart godkjent. Sakene vart handsama i følgjande rekkjefølgje: 26/17, 27/17, 28/17, 29/17, 30/17, 31/17, 32/17, 38/17, 33/17, 34/17, 35/17, 36/17 og 37/17. Ei sak kom til og fekk saksnummer 39/17.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med kontrollutvalsleiar vart vald **Stina Aasen Lødemel.**

SAK 27/17 GODKJENNING MØTEPROTOKOLL SISTE MØTE.

Samrøystes vedtak

Møteprotokollen frå møtet 15.05.2017 vart godkjent.

Vedlegg

Møteprotokoll frå møtet 15.05.2017.

SAK 28/17 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt ingen merknad til dei oppsette møteprotokollane som var til gjennomgang.

Saksopplysning

Gjennomgang av møteprotokollar er oppfølging av vedtak, samt at avvik som t.d. habilitet, sakshandsaming, opplysningar m.v. gir kontrollutvalet grunnlag for å ta opp tilhøve i kommunen.

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Kommunestyret	15.06		
Formannskapet	09.05	30.05	14.06
Administrasjonsutvalet	07.06.2016		
Samfunnsutvalet	02.05	06.06	
Levekårsutvalet	03.05	07.06	
Landbruksnemnda	08.05		
Eldrerådet	01.06		
Råd for likestilling av funksjonshemma	15.05		
Valstyret	30.05		
Vilt- og innlandsfiskerinemnda	07.06		
Ungdomsrådet	-		
VØR IKS Styret	28.03		
VØR IKS Representantskapet	18.04		
Retura Søre Sunnmøre AS	04.05		

SAK 29/17 TILBAKEMELDING REVISOR JF SAK 22/17 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2016

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek revisjonen si tilbakemelding jf sak 22/17 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon, til vitende.

Vedlegg

1. Tilbakemelding frå SSKR IKS v/revisor Bodill Skeide. Datert 04.06.2017.

(Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1 lekk) Vert delt ut i møtet.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet hadde i møtet 15.05.2017 sak 22/17 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2016, til handsaming.

Dette er ei todelt sak der det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

Tilsyn med revisjonen er heimla i KommuneLOVA § 77 nr. 4: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Med utdjujing av kontrollutvalet si oppgåve i kontrollutvalsforskrifta § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor er lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I sak 22/17 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2016, hadde revisor ein gjennomgang av revisjonsarbeidet for året 2016.

Kontrollutvalet ba revisor om tilbakemelding frå oppfølgingsmøte med administrasjonen i høve revisjonsarbeidet 2016.

Denne tilbakemeldinga forelegg som vedlegg, og ein viser til denne.

SAK 30/17 TERTIALRAPPORT APRIL 2017

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek PS 45/17 Terialrapport april 2017, til vitende.

Vedlegg

1. Terialrapport april 2017

– utskrift frå saksframlegg til kommunestyremøte 15.06.2017.

For å sjå heile saksframlegget med tertial- og finansieringsrapport april 2017:

<https://drive.google.com/file/d/0B93aczECXU8QXpHc0stZm94T00/view> (side 214 – 271)

Saksopplysning

Kommunestyret hadde PS 45/17 Tertialrapport april 2017, til handsaming 15.06.2017, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Ørsta kommunestyre tek Tertialrapport april 2017 til vitende

Tertialrapport april 2017 er sett opp som sak i kontrollutvalet då det er viktig at kontrollutvalet er orientert.

I rådmannen sitt saksframlegg til tertial og finansrapport april 2017, heiter det:

Samandrag av saka:

Rekneskapet for januar til april viser eit mindreforbruk på 6,3 millionar samanlikna med budsjett for perioden. Årsprognosen syner eit mindreforbruk på 4,4 millionar.

Saksopplysningar:

Rapporten syner bokførte rekneskapstal for januar til april samanlikna med periodisert budsjett. Vidare syner rapporten rekneskap for 2016 etter revisjon, prognose for 2017 og gjeldande budsjett. Ut april har vi eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 6,3 million. Dette er ei vesentleg endring frå månadsrapport for mars og skuldast ein gjennomgang av periodisering av budsjett. Prognosen for året syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 4,4 mill. Seksjonane og økonomistaben har lagt ned eit stort arbeid med å få prognosen for heile året så rett som vi klarer per dato. Det vi presenterer er likevel eit estimat om framtida. Ein kan rekne med at det kjem til å skje uventa hendingar i løpet av året som gjer at dei endelege rekneskapstala blir annleis. Administrasjonen har fått ei viss rutine i å sette opp slike prognoser, så det er håp om at prognosen vil stemme bra.

Rådmannen si vurdering og konklusjon:

April er tidleg i året. Det kjem til å skje uventa hendingar i 2017 som vi ikkje har klart å ta høgde for i prognosen.

- Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen
- Konsekvensar for folkehelsa: Ingen
- Miljøkonsekvensar: Ingen
- Økonomiske konsekvensar: Ingen
- Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen
- Konsekvensar for barn og unge: Ingen

Viser elles til tertialrapport og finansrapport pr.april 2017. (Sjå link)

SAK 31/17 OPPFØLGING ØR40-16 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT BARNEVERN TILTAK – TILSYN - RUTINER

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek Rådmannen si tilbakemelding til kommunestyret jf. kommunestyrevedtak PS 104/16, til orientering.
2. For å kunne stadfeste at kommunestyrevedtak PS 104/16 er tilfredstillande oppfølgt, ber kontrollutvalet om at beskriving av rutiner og dokumentasjon på desse i tråd med revisor si anbefaling pkt.1. til 5. vert sendt til sekretariatet innan **01.07.2017**.
3. Kontrollutvalet vil understreke at ein ikkje er nøgde med Rådmannen si handtering av kommunestyrevedtak i høve tilbakemelding til kontrollutvalet.

Vedlegg

1. Sekretariatet si utskrift av Innkalling med sakliste Ørsta kommunestyre, møte 15.06.2017:Saksframlegg kommunestyresak 54/17 Rapport om forvaltningsprosjekt barnevern.
2. Barnevernstenesta Hareid – Ulstein – Volda – Ørsta: Årsmelding med rekneskap 2016.

Saksopplysningar

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Ørsta kommune vedtok i sak 21/16, som del av etterlevelsesrevisjon jf. revisjonsplan vedteke i kontrollutvalssak 37/15, å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kring barnevernstenesta i kommunen. Prosjektet skulle ta for seg tiltak og oppfølging før og etter omsorgsovertaking, og om tilsynsføraransvaret fungerer tilfredstillande. Med avgrensing til omsorgsovertaking i kontrollperioden 2013 – 2015.

Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapport –Barnevern – tiltak, tilsyn, rutinar – Ørsta kommune, datert 09.11.2016

Denne var handsama i kontrollutvalssak 40/16, og vidare i kommunestyret 08.12.2016 i PS 104/16 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet Barnevern tilsyn, rutinar – Ørsta kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 09.11.2016).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar med kontrollutvalet sine tilføyingar i pkt.4 og nytt pkt. 6., skal følgjast/utførast:
 1. Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk, og passe på at oppnemnd tilsynsførar gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at borna får det tilsynet dei har krav
 2. Det må vurderast om regelverket vert følgd når det gjeld oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking.
 3. Det må etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
 4. Det må etablerast rutiner som sikrar at politiattestar vert oppbevart og makulert i samsvar med regelverket. Politiattest innhentast i samsvar med "Retningslinjer til forskrift om politiattest i henhold til barnevernloven", og oppdaterast kvart 5. år.
 5. Rapporteringa til Fylkesmann og SSB (KOSTRA) må kvalitetssikrast samsvare.
 6. Ein må følgje lovverket slik at born sin rett til å bli høyrde og få uttale seg, er sikra.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet og kommunestyret innan **01.06.2017**

Kontrollutvalet ikkje har fått tilbakemelding om status for oppfølging av anbefalingane, og for eventuell vidare framdrift, jf. kommunestyrevedtak PS 104/16 pkt. 3.

Saksframlegg PS 54/17 Rapport om forvaltningsprosjekt barnevern til Ørsta kommunetyre, møte 15.06.2017, ligg derfor til grunn her. (vedlegg 1)

Her heiter det mellom anna:

Barnevernssjefen har over tid arbeidd internt med tiltak for å følgje opp forholda som vart påpeikt i rapporten.

Sidan den bygg på rådmannen i Volda si tilbakemelding til kontrollutvalet i Volda v/barnevernssjef Brynhild Solvang i Barnevernstenesta, som låg føre 29.05.2017, er det difor nokre avvik mellom anbefalingane i kommunestyrevedtaket (revisor sine anbefalingar i rapporten og kontrollutvalet sine tillegg til desse), i høve anbefalingane i saksframleget/rapporten frå Rådmannen. (Det som ikkje gjeld Ørsta er i grå farge). Ein trekk her ut relevante delar i høve oppfølging av anbefalingane, og med revisor sine kommentarar gitt i høve tilbakemelding for Volda kommune.

Barnevernstenesta må etablere rutinar som sikrar at det vert utarbeida omsorgsplanar for alle omsorgsbarn (førebels og/eller endeleg plan)

Dette er innarbeidd i tenesta sine rutinar, slik at alle barn som bur utanfor foreldreheimen har sin omsorgsplan, jfr barnevernslova § 4.15.

REVISOR:

Det går fram av tilbakemeldinga at dette er innarbeidd i tenesta sine rutiner, og det er derfor grunn til å tru at dette no vert ivareteke dersom rutinen vert fulgt.

Oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking (Anbefaling vedtak pkt.2.)

Etter vedtak i Fylkesnemnda/rettssystemet om omsorgsovertaking, har barnevernstenesta møte med foreldra, jfr barnevernslova § 4.16. Her går ein gjennom ulike tilhøve knytt til omsorgsovertakinga, praktisering av samværsordninga mm.

(...)Generelt ser vi at det ikkje har vore gode nok rutinar for journalføring og føring i postjournal når ein har hatt samtaler med foreldre, enten det har vore i fysiske møter eller gjennom telefonsamtaler. Dette har vi endra, slik at dette no blir dokumentert på ein betre måte ved seinare tilsyn/revisjonar.

REVISOR:

Det går fram av tilbakemeldinga at i dei fleste tilfelle er det god kontakt og dialog, og alle får tilbod om hjelp av ymse slag, men at barnvernstenesta ikkje har hatt gode nok rutiner til å journalføre/dokumentere kontakta. Dette er no endra.

Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsfører gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at barna får det tilsynet det har krav på. (Anbefaling vedtak pkt. 2.1.)

- **Oppfølgingsbesøk til barn som bur utanfor heimen**

Barnevernstenesta skal følgje opp barn som er under omsorg, jfr barnevernslova § 4.16. Som hovudregel skal barnet ha besøk av barnevernstenesta 4 gonger pr år, i nokre tilfelle 2 gonger pr år.

(...)Ein har no rutinar og sjekklister som sikrar at alle omsorgsbarna får 4 (i nokre tilfelle 2) fysiske besøk pr år som standard, uavhengig av dei vurderingane som tidlegare vart lagt til

grunn. Også på dette området har det ikkje vore faste rutinar for journalføring og føring i postjournal i fagprogrammet. Dette er no endra, slik at oppfølgingsbesøka kan dokumenterast på ein betre måte ved seinare tilsyn/revisjonar.

REVISOR:

Oppfølgingsbesøk har vore utført etter barnet sitt behov, og har ikkje alltid blitt journalført/dokumentert. Rutinen er iflg tilbakemeldinga endra slik at alle skal få sine rettmessige besøk uavhengig av tidlegare rutine med vurdering av behov.

• **Tilsynsførarordninga**

Barn som bur utafør foreldreheimen skal ha sin eigen tilsynsførar, som skal samtale med dei minimum fire gonger pr år.

(...)Tilsynsførarordninga er frå styresmaktene anbefalt lagt til ein annan instans enn barnevernstenesta. ...

(...) Etter at vi fekk ei interkommunal barnevernsteneste for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, har vi øymerka 50% stillingsressurs til oppfølging og mogleg forbetring av tilsynsførarordninga. Det har vore lagt ned eit stort arbeid, men til trass for dette fungerer ordninga ikkje optimalt. Årsakene til dette står det meir utfyllande om i årsmeldinga for barnevernstenesta for 2016.

(...) Vi har pr i dag tilsynsansvar for 76 barn, der 56 kjem frå andre kommunar, og der 20 er våre egne omsorgsbarn. Tilsynsansvaret for desse er fordelt på 35 ulike tilsynsførarar. Truleg vil ordninga ikkje kunne fungere godt nok før ein tilsett profesjonelle tilsynsførar, i full eller deltidstillingar. Med det talet vi har på tilsynsbarn pr i dag, tilsvarer arbeidsmengda om lag 100 % stilling.

REVISOR:

Når det gjeld tilsynsførarordninga, så vert det mellom anna vist til at dette også gjeld alle kommuner på landsbasis... Vidare at styresmaktene (barneombodet) har anbefalt at dette vert lagt til annan instans enn barnevernstenesta. Men inntil ny barnevernslov ligg føre, har det blitt bestemt på rådmann og ordførar-nivå at dette skal ligge til barnevernstenesta i kommunen.

Vi er ukjent med om det ligg føre eit slikt vedtak eller delegasjon.

Det går vidare fram at det er lagt ned eit stort arbeid for at dette skal fungere, og med ekstra 50% stilling, der ein viser til årsmeldinga for 2016 (vedlegg 2). Men at dette ikkje er tilstrekkeleg før dei har 100% stilling til dette.

I følge tilbakemeldinga er det 76 tilsynsbarn i Hareid,Ulstein,Volda og Ørsta. Dette skulle tilseie at dei treng i snitt 6 timar på kvart heimebesøk.

Uavhengighetserklæring for tilsynsførarar(Anbefaling vedtak pkt. 2.3.)

Innhenting av uavhengighetserklæring er fast rutine, slik at alle nye tilsynsførarar fyller ut slike. Tilsynsførarar som har fungert over fleire år og tilbake i tid, har blitt kontakta angående dette.

REVISOR:

Det går fram at dette no er fast rutine, og at tilsynsførarar som har fungert i fleire år vil bli kontakta for underteikning av dette.

Oppbevaring og makulering av politiattestar (Anbefaling vedtak pkt. 2.4.)

Iflg forskriftene skal politiattestar innhentast på oppdragstakarar (besøksheimar, avlastningsheimar, støttekontaktar, fosterheimar), og oppbevarast så lenge oppdragstakar har oppdraget. Vi har rutine på at desse blir lagt i arkiv/personmappa til oppdragstakaren, for så å bli makulert når oppdraget er avslutta.

REVISOR:

Det går fram at denne rutinen no er på plass.

Kvalitetssikring og samsvar mellom rapporteringa til Fylkesmannen og SSB (Kostra) (Anbefaling vedtak pkt. 2.5.)

Rapporteringa til Fylkesmannen og til SSB skjer på ulike tidspunkt. Talet på barn vil derfor variere litt, særleg i ei teneste med ein viss storleik. SSB tar utgangspunkt i filuttrekk frå fagprogrammet Familia, medan Fylkesmannen vil ha reelle tal på ein gitt dato, 2 ggr pr år. Det kan derfor vere små variasjonar i desse rapporteringane. SSB og Barne- og familiedirektoratet arbeider for at barnevernstenestene skal rapportere berre ein gong pr år, slik at ein slepp fleire ulike rapportar og rapporteringstidspunkt i løpet av eit år slik det er no.

REVISOR:

Det går fram av tilbakemeldinga at avviket skuldast forskjellig rapporteringstidspunkt, og det vil derfor variere litt. Men variasjonane var tildels betydelege. Dessutan antas det at rapportering 2. termin er pr 31.12. og samanfallande med rapportering til SSB pr 31.12.

Barn sin rett til å bli høyrde og få uttale seg (Anbefaling vedtak pkt. 2.6.)

Barnevernstenesta arbeider ut ifrå føringar om at alle tiltak skal vere til barnets beste. Vi er vidare eit «Mitt Liv-barnevern», der vi har inngått eit forpliktande samarbeid med Barnevernsproffane og Forandringsfabrikken (tidlegare barnevernsbarn). Vi ser på barn som viktige aktørar i sitt eige liv, og i spørsmål som gjeld deira omsorgssituasjon. Vi snakkar derfor med alle barn, og tar sterke omsyn til barn sine synspunkt i alle fasar og i alle tilhøve som ligg til den kommunale barnevernstenesta å avgjere.

Vidare vert det i saksframlegget om punkt 2.4 om oppdatering av politiattest, vist til tilbakemelding frå Politiets enhet for vandelskontroll og politiattester:

Ørsta kommune kan ikke selv kreve ny politiattest basert på interne rutiner. Ved endring i stilling kan det kreves ny politiattest, dette må fremkomme av ny bekreftelse.

Politiatte stedes ved tilsetting i henhold til hjemmel i politiregisterloven § 36 og med hjemmel i særlovgivning. (Lov om barnevern, Helse- og omsorgstjenesteloven o.l) Dersom den arbeidsgiver får tilgang til nye opplysninger som gjør at det stilles spørsmål ved skikkethet for at personen skal jobbe med det formålet med attesten tilsier, kan arbeidsgiver be om nye og oppdaterte opplysninger basert på tidligere politiattest.

Fornyet vandelskontroll begjæres av den som tidligere har krevd politiattest til enhet for politiattest i henhold til Politiregisterloven § 43. Begjæringen gjelder enkeltpersoner- se vilkår angitt i Politiregisterforskriften kap. 35. (...)

Ørsta kommunestyre gjorde 15.06.2017, følgjande samrøystes vedtak i PS 54/17:

Kommunestyret tek rapporten frå rådmannen om forvaltningsrevisjonsprosjekt - Barnevern til vitande.

Kommunestyret opphevar vedtaket i punkt 2.4 om fornying av politiattest kvart 5. år.

For meir detaljar viser ein til i sakframlegget rapport forvaltningsrevisjonsprosjekt barnevern, som ligg ved. (vedlegg 1)

Konklusjon oppfølging av revisor sine anbefalingar jf. kommunestyrevedtak PS 104/16:

Punkta 1. – 4. i anbefalinga frå revisor, dreier det seg om å etablere rutiner og etterleving av rutinar (internkontroll), og Rådmannen har stadfesta i si tilbakemelding at det er etablert rutiner i tråd med anbefalinga. Det foreligg ikkje dokumentasjon på desse rutinene.

Ein ønskjer ei tilbakemelding med dokumentasjon dvs. eit oppsett av rutiner ein har fått på plass jf. anbefalinga frå revisor, og dokumentasjon på denne og eventuelle mal-dokument. Om det er noko ein ikkje har fått på plass, så er ønskjer ein status for det arbeidet med tidfesta forventa ferdigstilling, og at Rådmannen sender denne tilbakemeldinga innan den fristen ein har sett.

SAK 32/17 FORTETTING I SENTRUM - BYGGESAKSHANDSAMING JF REGELVERK - ORIENTERING

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.
2. Kontrollutvalet har vorte kjent med at det foregår uformell møteverksemd/saksbehandling av byggesaker mellom enkeltmedlemer i samfunnsutvalet og administrasjon. Kontrollutvalet viser til kommunelova kap. 6., og understrekar betydninga av at rett saksbehandling vert fylgt.
3. Kontrollutvalet vil oppmode kommunestyret til å sjå på retningsliner og praksis vedkomande fortettingssaker, jf. Kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda - samfunnsdelen og Tettstadsprosjekt Ørsta sentrum 2014-2016

Vedlegg

1. PS 60/15 «Eigengodkjenning kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda» - samfunnsdelen (11.06.2015) : <https://drive.google.com/drive/folders/0B-U-jkXsD5C5Qjh6aTFBS0xWbVk> (frå side 237)
2. PS 82/16 «Tettstadsprosjekt Ørsta sentrum 2014-2016» (27.10.2016) : <https://drive.google.com/drive/folders/0B93aczECXU8anpuR0o4aGszTGM> (frå side 174)

Saksopplysning

Kommunestyret har gjort «vedtak om fortetting» mellom anna i form av plandokument PS 60/15 Eigengodkjenning kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda - samfunnsdelen (sjå linkvedlegg 1) og i PS 82/16 Tettstadsprosjekt Ørsta sentrum 2014-2016 (sjå linkvedlegg 2)

Med grunngjeving at det skal vere fortetting i sentrum vert det stadig gitt dispensasjon i høve reguleringsplanar. Dette reiser ein del spørsmål som:

Kva regelverk vert nytta når ein gir slik dispensasjon?

Kva styring har ein med omfanget av slik dispensasjon?

Kva har dette å seie for klageretten til naboar o.a.?

Kontrollutvalet ynskte å få ei orientering frå administrasjonen om dette.

Seksjonssleiar tekniske tenester, Rolf Magnus Sundgot, leiar plan og miljø Gunnar Wangen og einingsleiar bygg og oppmåling Kåre Hjelle møtte for å belyse og orientere kring ulike problemstillingar knytt til dispensasjonsvedtak. Det vart orientert om dispensasjonspraksis generelt, konsekvensar av politisk fatta dispensasjon opp mot reguleringsending, ulike aspekta kring dispensasjon; det demokratiske, rettssikkerheit, økonomi, vegnett, marknad og økonomi.

Fortetting i sentrum er eit overordna mål, og ein har styringsdokument på dette. Mange politiske vedtak med dispensasjon, gir føringar for saksbehandling. Samstundes kan desse gå i ulike retningar, og det kan gjere det vanskeleg å tolke i kva retning Ørsta kommune vil. Dette kan gi ein vanskeleg situasjon, mellom anna for innbyggjarar i eksisterande byggefelt og dei tilsette i kommunen. Ein ser ein dispensasjonspraksis som er for liberal og har gått for langt.

SAK 33/17 MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. SSIKT – Årsmelding 2016.
2. Oversending av PP-presentasjon sak 23/17 Bu- og driveplikt i Ørsta kommune – orientering

SAK 34/17 OFFENTLEGHEIT I KOMMUNAL SEKTOR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet ser offentlegheit i kommunal sektor som eit svært viktig område kommune må ha kontinuerlig fokus på.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om ei tilbakemelding på spørsmåla stilt i saka under punkta arkiv, dokumentoffentlegheit og møteoffentlegheit, innan **30.08.2017**.

Saksopplysning

Det følgjer av Grunnlova sin paragraf 100 at alle som hovedregel har rett til innsyn i forvaltninga sine saksdokument og rett til å oververe møter i folkevalde organ.

I Grunnlova sin paragraf 100 fjerde til sjette ledd står det:

«Forhåndssensur og andre forebyggende forholdsregler kan ikke benyttes med mindre det er nødvendig for å beskytte barn og unge mot skadelig påvirkning fra levende bilder. Brevsensur kan ikke settes i verk utenfor anstalter.

Enhver har rett til innsyn i statens og kommunenes dokumenter og til å følge forhandlingene i rettsmøter og folkevalgte organer. Det kan i lov fastsettes begrensninger i denne rett ut fra hensyn til personvern og av andre tungtveiende grunner.

Det påligger statens myndigheter å legge forholdene til rette for en åpen og opplyst offentlig samtale.»

Dette er nærmare regulert i lovgivninga.

Mellom anna viser ein til formålsparagrafen i Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova), der det heiter: «Formålet med lova er å leggje til rette for at offentleg verksemd er open og gjennomiktig, for slik å styrkje informasjons- og ytringsfridommen, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte, tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta. Lova skal òg leggje til rette for vidarebruk av offentleg informasjon.»

Møteoffentligheit er viktig for ålmenta sitt innsyn i forvaltninga.

Bestemmelsar som regulerer spørsmål om møteoffentlegheit finn ein i Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) sin §31.

Vidare står det i Lov om arkiv (arkivlova) at formålet med denne er «...å tryggja arkiv som har monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at desse kan verta tekne vare på og gjorde tilgjengelege for ettertida.»

Innanfor offentlegheit i kommunal sektor er det nokre problemstillingar i høve arkiv, dokumentoffentlegheit og møteoffentlegheit som ein møter att i fleire saker og som er ein gjengangar i fleire kommunar.

Dette reiser spørsmål som ein ser kan vere aktuelle for kontrollutvalet å stille til kommunen:

- **Arkiv:**

1. Har kommunen ein ajourført arkivplan ihht arkivforskrifta?
2. Har kommunen lett tilgjengeleg rutineskildring for journalføring og arkivering?
3. Har kommunen tydelege og fullstendige retningsliner og rutiner for registrering av organinterne dokument?
4. Har kommunen rutiner for korleis inngåande og utgåande dokument til/frå sakshandsamar skal registrerast i kommunen?

- **Dokumentoffentlegheit**

1. Har kommunen skriftlege rutiner for skjerming av informasjon i postlista?
2. Har kommunen skriftlege rutiner for å vurdere informasjon etter prinsippet om meirinnsyn?
3. Har kommunen skriftlege rutiner for handsaming av krav om innsyn?

- **Møteoffentlegheit**

1. Har kommunen system og rutiner som sikrar kunngjering av politiske møter på ein føremålstenleg måte?
2. Har kommunen skriftlege prosedyrer for lukking av møter i folkevalde organ?
3. Har dei folkevalde motteke tilstrekkeleg opplæring om teieplikt og lukka/opne møter?

SAK 35/17 BYGGEREKNESKAP BUSTADER , UNGE MED MILJØTENESTER

Samrøystes uttale:

1. Kontrollutvalet viser til uttale frå revisor datert 17.03.2017, i høve byggerekneskap - Bustader, unge med miljøtenester.
2. Kontrollutvalet meiner at byggerekneskapen for Bustader, unge med miljøtenester med ein total byggekostand på kr 31.425.390 inkl. mva kan godkjennast.

Vedlegg

1. Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS: Uttale i høve byggerekneskap Bustader, unge med miljøtenester, dat. 17.03.2017.
2. Prosjektrekneskap. Bustader, Unge m/miljøteneste
3. Kommunestyresak 29/15 av 30.04.2015. Bustader for unge med miljøteneste – finansiering.

4. Kommunestyresak 27/14 av 22.05.2014. Prosjekt for unge funksjonshemma.

Saksopplysning

Kontrollutvalet skal uttale seg før byggerekneskapen vert ferdig behandla i formannskapet og kommunestyret.

Revisor har gjort ein avgrensa revisjon av byggerekneskapen for Bustader, unge med miljøtenester. Rekneskapen viser ein totalkostnad på kr 31.425.390 inkl. mva.

Det går fram av uttalen og økonomiplanen at budsjettvedtaket for prosjektet, jf. kommunestyresak 29/15 av 29.04.2015, viser kr 32.552.813 inkl. interne kostander og mva. Det er då eit mindreforbruk på kr 1.127.423 og byggeprosjektet er såleis gjennomført innfor vedteken ramme.

SAK 36/17 BYGGEREKNEKAP VARTDAL SKULE

Samrøystes uttale:

1. Kontrollutvalet viser til uttale frå revisor datert 14.06.2017, i høve byggerekneskap - Vartdal skule.
2. Kontrollutvalet meiner at byggerekneskapen for Vartdal skule med ein total byggekostnad på kr 29.629.272 inkl. mva kan godkjennast.

Vedlegg

1. Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS: Uttale i høve byggerekneskap Vartdal skule, dat. 14.06.2017 og detaljert byggerekneskap, som ikkje viser totalkostnad.
2. Byggerekneskap, kontrollert mot revidert rekneskap av revisjonen, dat. 14.06.2017
3. Kommunestyresak 40.14 av 19.06.2014. Finansiering av Vartdal skule.
4. Stadfesting på midlar til apparat for utebruk. Dat. 21.04.2016

Saksopplysningar/saksutgreiing

Kontrollutvalet skal uttale seg før byggerekneskapen vert ferdig behandla i formannskapet og kommunestyret.

Revisor har gjort ein avgrensa revisjon av byggerekneskapen for Vartdal skule. Rekneskapen viser ein totalkostnad på kr 29.629.272,41 inkl. mva.

Det går fram av uttalen og økonomiplanen at budsjettvedtaket, jf. kommunestyresak 40/14 av 19.06.2014, viser kr 31.000.000 inkl. mva. til prosjektet. Det er då eit mindreforbruk på kr 1.370.728, og byggeprosjektet er såleis gjennomført innfor vedteken ramme.

Byggekostnaden er inklusiv prosjektleiing med kr 581.170. Det kjem vidare fram at ein har rett til å få refundert meirverdiavgift på kr 5.769.022. FAU gir tilskot med kr 50000 til aktivitetsapparat.

SAK 37/17 OPPFØLGING ØR 14/17 ENDRING AV ROLLEFORDELING FORLIKSRADET

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga frå Seksjonssjef Plan og utvikling Eldar Rune Øye til orientering, og ber om å få melding når rollefordelinga i forlikrådet er ordna.

Saksopplysning

Forlikrådet i Ørsta ba i eit skriv av 09.12.2016 til Ørsta kommune, om at rollefordelinga i det valde forlikrådet for 2017-2020, vert endra. Bakgrunnen er at nytt forlikråd for perioden 2017-2020 vart valt av kommunestyret på feil grunnlag om rollefordelinga i sittande forlikrådet. Kontrollutvalet har fått tilbakemelding om at forlikrådet enno ikkje har motteke svar på oppmodinga.

Seksjonssjef Plan og utvikling Eldar Rune Øye har gitt tilbakemelding om at sak om endring av rollefordeling i forlikrådet er under utarbeiding, og vil verte lagt fram for kommunestyret på møtet 25. september 2017.

SAK 38/17 PPT - PROSESS

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek opplysningane frå innkalla partar til orientering.
2. Vedtak vert utsett til møtet 5.september 2017 då kontrollutvalet treng ytterlegare informasjon.

Kontrollutvalet vedtok å lukke møtet under drøfting om møtet skulle lukkast under handsaminga av denne saka, jf. kommunelova § 31a nr.1 – prosedyre for lukking. Alle tilstades forutan kontrollutvalet og sekretariatet, forlet møtet under handsaminga av lukkinga.

Møtet vart opna for kunngjering om at møtet vart lukka i medhold av kommunelova § 31, pkt.4, jf.§ 31.3. Det vart redegjort for regelverket av sekretariatet, og opplyst om at dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast.

Vedlegg

1. Omorganisering av PPT Ørsta Volda – juridisk vurdering frå jurist i Utdanningsforbundet
2. PPT – Oppseiing av samarbeidsavtale med Ørsta kommune.
3. Utkast til framdriftsplan for den vidare prosessen med PPT
4. Protokoll frå drøftingsmøte 23.02.2017.
5. Oppsummering frå informasjonsmøte 2.03.2017
- 5.1. Epost frå tillitsvald av 02.03.2017.
6. RS29/17 Rådmannen sitt svar på spørsmål frå representanten Aarskog
7. Epost 27.02.2017 sendt frå Tone Hoggen Foldal til levekårsutvalet
8. Rutiner for intern varsling og oppfølging, Ørsta kommune.
9. «Retningsliner for endring og omstilling i Ørsta kommune»
10. Adm i Ørsta kommune sin prosess for omorganisering av PPT – brev til Utdanningsforbundet Ørsta
11. Dokument personalsak - **unnateke offentleg innsyn, offl.§ 23, jf. §13 og fvl §13.**
12. Bekymringsmelding tilsette PPT til Fylkesmannen med påfølgande korrespondanse dokument. Delt ut i møtet.

Saksopplysning

Vedtak for saka

I kontrollutvalssak 25/17 gjorde kontrollutvalet vedtak om å sjå på prosessen kring PPT, her m.a. medarbeidarmedverknad i prosessen som har vore i høve saksframlegget om vertskommunesamarbeid om PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta.

Sekretariatet Vest kontroll har forespurt og har fått oversendt dokumentasjon relatert til ovanfor nemnde prosess, frå administrasjonen.

Medverknad

Medverknad er m.a. regulert i **Hovudavtalen** og **Arbeidsmiljølova**.

I forordet til Hovudavtale for perioden 01.01.2016-31.12.2017, står det at hovudavtalen er eit virkemiddel for tillitsvalde sin medverknad og innflytelse, og skal bidra til gjensidig forståing for partane sine ulike roller. Den skal sikre gode lokale prosessar mellom tillitsvalde og arbeidsgivar på alle nivå i verksemda. Skal dette vere forpliktande må arbeidsgivar involvere dei tillitsvalde så tidleg som mogleg i alle saker som gjeld tilsette, herunder kommunal samhandling/interkommunalt samarbeid. Det er Hovudavtalen sin del B som regulerer omorganisering/verksemdsoverdraging.

Arbeidsmiljølova gir arbeidstaker både rett og plikt til å medvirke. Ved verksemdoverdraging har arbeidsgivar plikt til informasjon og drøfting om planlegging og gjennomføring av overdragelsen med de tillitsvalgte (aml kap.16). I plikt til å medvirke ligg det at arbeidstaker aktivt skal medvirke til å skape et godt og sikkert arbeidsmiljø heri varsle om kritikkverdige forhold. Bestemmelsane skal vere med på å styrke den reelle yringsfriheita.

Ein forutsét at fagorganisasjonane med hovudtillitsvalt og hovudverneombod ser til at prosessane er i samsvar med gjeldande regelverk og avtalar.

Dei tilsette ved PPT ved plasstillitsvalt, sende ei henvending til Utdanningsforbundet om juridisk bistand i høve Ørsta kommune sin prosess for omorganisering av PPT. (Vedlegg 10) Viser her til Utdanningsforbundet si midlertidige juridiske vurdering av prosessen gjort etter henvending frå lokallaget, vedlegg 1, der det vert greia ut kring enkelte prinsipp i slike omstilling/verksemdsoverdragingsprosessar.

Møter tillitsvalde/tilsette PPT

Av det ein kan finne av dokumentasjon av møter mellom administrasjon og tillitsvalde/tilsette, kan ein sjå at det forelegg notat frå nokre møte i 2015 og 2016 der det har vore gitt orientering/informasjon om PPT, utan at det går vidare fram av notata kva dette går ut på. Relatert til prosessen som har vore frå Volda kommune sa opp samarbeidsavtalen 29.06.2016 (vedlegg 2), er det følgjande å finne av dokumentasjon:

- Eit udatert utkast til framdriftsplan for den vidare prosessen med PPT forelegg (vedlegg 3)
- Innkalling til samtale 06.01.2017 med dei fast tilsette for kartlegging av vidare ønske.
- Protokoll frå drøftingsmøte 23.02.2017 der Ørsta kommune, Fagforbundet Ørsta og Utdanningsforbundet tok del. Her heiter det m.a. at: *Organisasjonane har gjennom heile prosessen vore informert og teke med på råd.* (Vedlegg 4)
- Protokoll frå informasjonsmøte 02.03.2017 med dei tilsette og tillitsvalde (vedlegg 5)
- med påfølgande epost frå tillitsvald (vedlegg 5.1), der det vert gitt uttrykk for dei tilsette ved PPT si misnøye med behandlinga av dei i prosessen.

Når det gjeld medarbeidarmedverknad i den vidare prosessen, viser ein til vedtak som kommunestyret gjorde 09.03.2017 i PS 14/17 Vertskommunesamarbeid om PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, pkt.6: «Dei tilsette på PPT-kontoret i Ørsta skal inviterast til å vere med vidare i prosessen. ...»

Medverknadsprosessar kan vere både gode og dårlege, og generelt kan ein seie at forskjellen ligg i om det er lagt til rette for reell medverknad eller ei. I reell medverknad meiner ein at det er sett av tilstrekkelig tid og ressursar til å medvirke, og at det gir reell muligheit for å påverke, og ikkje berre informasjon. Medverknad er med på å gi eigarskap til det som vert vedteke og med det forankring av vedtaket.

Ein kan sjå at det er nyttig å ha rutiner for korleis endringar skal gjennomførast, for å sikre at omstillingsprosessar vert gode og i tråd med gjeldande regelverk. I dokumentasjonen som er oversendt er der eit dokument med tittel «Retningsliner for endring og omstilling i Ørsta kommune» underskrive Personalstaben 07.03.2014. (Vedlegg 9) Det er uklart om dette er vedtekne retningsliner som har vore i bruk ved denne og tidlegare liknande prosessar.

Det er ulikt syn på kva som er realiteten av korleis medverknaden har vore ivareteken. Ein får inntrykk av medverknaden i hovudsak er ivareteken ved å gi orientering og informasjon utover å at dei tilsette får reellt medverke.

I høve handsaminga i Levekårsutvalet vart det stilt spørsmål frå representant Aarskog, datert 01.02.2017. Desse vart besvart i RS29/17 Svar på spørsmål til rådmannen om PPT – utsett, vart lagt fram i Levekårsutvalet 05.04.2017. (Vedlegg 6)

E-post med kommentarar til denne, vart sendt 27.02.2017 frå fagleg leiar PPT Tone Hoggen Foldal til levekårsutvalet sine medlemmer med vara (via S.I. Aarskog). (Vedlegg 7)

Dette har fått etterspel. Ein viser til dokument som er unnateke offentleg innsyn, offl.§ 23, jf. §13 og fvl §13, og vert delt ut i møtet.

Ein understrekar at kontrollutvalet ikkje har som intensjon anna enn å sjå på prosessen.

Det reiser óg spørsmål i høve rutiner for og praksis for handtering av varslingsaker. Og vidare korleis yringsklimaet er i Ørsta kommune,- korleis ivaretek ein dei tilsette sin yringsfridom generelt. Ørsta kommune har interne rutiner for varsling (vedlegg 8)

For å verte orienterte om dei ulike synspunkta kring prosessen og opplevinga av denne, samt kunne stille spørsmål knytt til dei problemstillingane som er skisserte, har kontrollutvalet har kalla inn fagleiar og tillitsvald PPT, rådmann, seksjonsleiar skule, personalsjef, hovudverneombod og hovudtillitsvalde for Utdanningsforbundet og Fagforbundet Ørsta.

Desse møtte som avtala med ei forskyvning og utviding av tidsrom avsett til orienteringane. Dei innkalla partane orienterte og svara på spørsmål.

Møtet vart opna etter handsaming av sak 38/17.

SAK 39/17 SAK SOM KOM TIL

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet etterlyser plan for politikaropplæring jf. kommunestyrevedtak i PS26/17, og vil ha tilbakemelding for status for når denne skjer.

Saksopplysning

Kommunestyret i Ørsta gjorde i PS26/17 vedtak om at det skal gjennomførast politikaropplæring i god sakshandsaming og forvaltningsrett for kommunestyre- og utvalsrepresentantar i løpet av 2017.

Møtet slutt.

Sven Castberg

- leiar -

Stina Aasen Lødemel

- medlem -

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Ordførar til orientering.
Rådmann til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.